

Vedtekter for stiftinga
NORSK SENTER FOR ØKOLOGISK LANDBRUK

Godkjent av fylkesmannen i Møre og Romsdal 8. desember 1989 og med vedtekne endringar den 22.12.98-1997/08639/162.1/TR, 28.8.2000, 9.4.2002, 25.09.2003. Godkjent av Lotteri- og stiftelsestilsynet 28.03.06.

§1. Namn og rettsleg stilling

Norsk senter for økologisk landbruk (NORSØK) er ei næringsdrivande stifting med ein grunnkapital på 200.000,- kroner.

§2. Geografisk plassering

Stiftinga har sitt hovudsete på Tingvoll.

§3. Formål

A. Stiftinga sitt hovudmål er å fremje utviklinga av økologisk landbruk.

B. Stiftinga skal arbeide for å nå målet gjennom følgjande tiltak:

- Staten ved Landbruks- og matdepartementet vil gjennom det statlege forvaltningsorganet Bioforsk ivareta hovudmålet til stiftinga. Dette er regulert gjennom at det er inngått ein forpliktande avtale der Bioforsk overtek FoU verksemda i stiftinga.
- Stiftinga vil samarbeide nært med Bioforsk – Økologisk på Tingvoll som eit nasjonalt kompetansesenter og forskingsinstitutt, for på den måten å bidra til å fremje økologisk landbruk gjennom forskning, utvikling, formidling, rådgjeving og informasjon.
- Stiftinga skal forvalte og drive Tingvoll Gard som eit økologisk gardsbruk. Det skal leggjast til rette for demonstrasjonar, forskning og forsøksverksemd som grunnlag for å informere og synleggjere økologisk landbruk.
- Stiftinga kan og ta i bruk andre arbeidsmåtar for å fremje dei fire hovudprinsippa som ligg til grunn for økologisk landbruk: helse, økologi, rettferd og omtanke,.

§4. Finansiering

Drifta av stiftinga skal søkjast finansiert gjennom:

- Leigeinntekter frå gardsbruk, bustader og kontorbygg
- Gåver til Stiftinga og eventuelle renteinntekter av kapital
- Oppdragsinntekter og andre inntekter

§5

Styret

Styret er stiftinga sitt øvste organ.

Stiftinga skal ha eit styre på fem medlemmer med fem personlege varamedlemmer. Funksjonstida for leiar, styremedlemmer og varamedlemmer er fire år.

Styret skal vere samansett av ein styreleiar utpeikt av Tingvoll kommune, eit styremedlem utpeikt av Møre & Romsdal fylke, eit styremedlem utpeikt av OIKOS og to styremedlemmer utpeikt av dei tilsette ved Bioforsk - Økologisk, Tingvoll. Ved førstegongsoppnemning blir to av styremedlemmene ved loddtrekning valt for 2 år.

Administrativ leiar i Bioforsk – Økologisk har møte og talerett på styremøta.

Styret skal sørge for at stiftinga sitt formål blir ivareteke og skal leie stiftinga i samsvar med lover og vedtekter og setje i verk dei vedtak som er gjort i styret.

Styret skal:

- forvalte stiftinga sine eigedommar, ressursar og kapital
- vedta framtidsplanar, samt årsplan og budsjett
- vedta årsmelding og revidert rekneskap
- fastsette honorar til styret
- behandle andre saker
- foreta eventuelle tilsetjingar
- godkjenne avtalar mellom Bioforsk (staten) og stiftinga

Styret skal føre møtebok frå sine møte. Styret kan meddele prokura.

§6.

Rekneskap, revisjon og årsmelding

Rekneskapen skal reviderast av ein registrert eller statsautorisert revisor som blir valt av styret for eitt år om gongen. Revidert rekneskap og godkjent årsmelding skal sendast til Lotteri- og stiftelsestilsynet til orientering. Stiftinga skal elles til ei kvar tid leggje fram dei dokumenta som myndigheitene ber om av omsyn til kontroll av verksemda i forhold til Lov om stiftingar.

§7

Endringar i vedtektene

Styret kan endre vedtektene med minst 2/3 fleirtal, men formålet til stiftinga under paragraf 3, punkt A kan ikkje endrast. Endringar skal godkjennast av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

§8.

Nedlegging av stiftinga

Vedtak om omdanning eller opphør må gjerast i samsvar med dei til kvar tid gjeldande lover om stiftingar.

Styret kan gjere vedtak om å leggje ned stiftinga med minst 2/3 fleirtal. Grunnkapitalen og eventuelle andre aktiva skal gå til eit ideelt formål som fremjar utviklinga av økologisk landbruk i Noreg.